
Vår referanse 2020/74771-2
Dato 19.11.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Svar - Søknad om dispensasjon fra byggegrense - parkeringsplass - fv. 5318 - gnr 347 bnr 9 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense datert 21.10.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5318 for å etablere parkeringsplass på gnr. 347 bnr. 9 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 07.10.2020.
2. Avstanden frå parkeringsplassen til senterlina på fylkesveg 5318 Skjelangervegen skal vera minst 10 meter frå vegmidte.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5318.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 400. Fylkesvegen er klassifisert med haldningsklasse «lite streng» jf. Rammeplan 2017-2020, som opnar for ei byggegrense på 15 meter.

Vestland fylkeskommune er positive til at det skal etablerast ein parkeringsplass for turgåarar i området, for å unngå at folk parkera langs fylkesvegen. Plassering av parkeringsplassen er god med tanke på at den er same side av vegen som Eldsfjellet, så ein slepp mjuke trafikantar som kryssar vegen. I tillegg er det bra å nytte ei allereie eksisterande avkøyrslø til fylkesvegen her.

Etter ei samla vurdering gjev vi dispensasjon til å etablere parkeringsplass som det er søkt om og vist i situasjonsplanen, men med 10 meters byggegrense.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

TROND
ENGELSEN

VIKAVEGEN
18